



RÅDSMEDLEMMENE

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Torsdag 14.09.2017

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Ulvik heradshus, Heradsstyresalen

Møteplan i Hardangerrådet godkjent 15.09.2016 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

09.00 – 11.30 Sakshandsaming

11.30 – 12.30 Lunsj

12.30 – 15.00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

- | | | |
|--------|-------|---|
| HR-sak | 25/17 | Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 33/16. |
| HR-sak | 26/17 | Meldingar |
| HR-sak | 27/17 | Hardangerrådet frå 01.01.2020
Arbeidsgruppe og mandat for vidare arbeid. |
| HR-sak | 28/17 | Møteplan 2018 for Hardangerrådet. |
| HR-sak | 29/17 | Lokal forskrift for vannskuter – Orientering om regelverk.
Drøfting av vidare prosess. |
| HR-sak | 30/17 | Offentlege toalett i Hardanger
Status – drøfting av tiltak for neste turistsesong. |
| HR-sak | 31/17 | Regional plan for Hardangervidda
Høyringsuttale til planprogram. |
| HR-sak | 32/17 | Hardingtukt 2017 – Søknad om støtte. |
| HR-sak | 33/17 | Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar. |
| HR-sak | 34/17 | Orienterings- og drøftingssaker – Saker innmelde ved starten av møtet |

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 7.09.2017

Jon Larsgard/s
Rådsordførar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



Møtedato 14.09.2017	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak 26/17 Meldingar

Melding 1 Tilbod til kommunane om å drifta miljøpatrulje i Hardanger av 09. 08.2017, frå Seaside as v/ Steven Bruflat

Melding 2 Invitasjon til Workshop om reiseliv og infrastruktur av 01.09.2017, frå Hfk.

Melding 3 Søknad om stønad til filmprosjekt med formål å knyta næringsliv og skulane tettare saman av 06.09.2017, frå SmB Hardanger

Melding HR

Rinaldo Trude

Fra: Steven Bruflat <sbruflat@online.no>
Sendt: 9. august 2017 10:30
Til: geir.underhaug@eidfjord.kommune.no
Kopi: turistinfo@visiteidfjord.no; Post Hardangerrådet
Emne: Miljøpatrulje

Eidfjord Kommune
v/ Geir Underhaug
Hardangerrådet
v/Jostein Eitrheim
Destinasjon Eidfjord Turistkontor
v/ Marit Stadheim

Post Hardangerrådet		
Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til:	
14 AUG 2017		
Saksnr.	Dok.nr.	Uspent:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Hei

Vi har vurdert å starte opp med miljø patrulje for håndtering av toalett fasiliteter for kommuner og bedrifter og håper dette kan være av interesse for dere.

Litt om oss:

Tidligere har vi drevet i tekstilbransjen med 6 butikker på Vestlandet.

Vi har også drevet et transportfirma med tre trailere og en minibuss.

De siste to -tre årene har vi drevet med vedlikehold og oppussing av egne lokaler og leiligheter i sammen med Bruflat Eiendom AS.

Vi er nå klar for nye oppgaver, og har tenkt en tid på å starte et firma med miljø patruljer.

Dersom dette er av interesse for dere så vil vi i første omgang gjerne ha noen opplysninger for og gå videre med vurderingene.

1. Hvor mange toalettfasiliteter er det og hvor ofte skal de vaskes/ ryddes
2. Ca avstand i km mellom fasilitetene
3. Skal vi holde bil/ biler selv
4. Har dere en base/ lager for utstyr vaskemiddel, toalettpapir etc.
5. Hvilken tidsperiode gjelder dette for
6. Hvor og når kan en levere søppel
7. Hvem ordner det om et toalett eller en vask går tett - rapporterer vi videre
8. Vi kan og utvide ordningen til og gjelde offentlige badestrender og offentlige steder dersom det er behov for det

Ser frem til og hører fra dere

Mvh
Seaside as
Steven Bruflat
Sandvenvegen 25
5600 Norheimsund

sbruflat@online.no

91817445




Workshop om Reiseliv og infrastruktur

Fredag
september
Kl 09:30-15:30

29.

STAD Asplan Viak, Fabrikkgaten 3, Bergen

 Hardangerrådet iKS		Saksbeh:	Kopi til:
01 SEPT 2017		Saksnr:	
Videres. til:	Arkivkode:	Dok.nr.:	Løp.nr.:
	U.offs.		

Meldung HR.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Hordaland er eit stort reiselivsfylke, og reiselivet er eit satsingsområde for fylkeskommunen. Fylkesutvalet i Hordaland har slutta seg til ein felles reiselivsstrategi for Vestlandet, der eit av hovudgrepa er enklare kommunikasjon inn til landsdelen, og meir saumlause reiser internt i fylka og over fylkesgrensene.

Tilgjengeleghet og fysisk infrastruktur vert ofte trekt fram som viktig for ei konkurransedyktig reiselivsnæring i Norge.

Som ein del av reiselivssatsinga vert det no gjennomført eit prosjekt for å identifisere og føreslå tiltak innanfor samferdsel for å styrkje reiselivsnæringa i fylket og bidra til å leggje til rette for eit berekraftig reiseliv. Asplan Viak gjennomfører prosjektet på oppdrag for Hordaland fylkeskommune.

I første omgang vil vi halde ein workshop med aktuelle aktørar, der målet er å identifisere behov og utfordringar knytt til infrastruktur i dagens situasjon og viktige strekningar og innfallsporter til fylket. Seinare vil det og bli gjennomført ein workshop for å drøfte moglege tiltak, men med eit anna fokus.

Foreløpig program

09.30 - 09.45	Velkomen ved Hordaland fylkeskommune
09.45 - 10.45	Innlegg
11.00 - 12.00	Gruppearbeid og diskusjonar
12.00 - 12.45	Lunsj
12.45 - 13.20	Innlegg
13.30 - 15.00	Gruppearbeid og diskusjonar
15.00 - 15.30	Avslutning

TID

Fredag 29. september
Kl. 09.30 – 15.30

STAD

Asplan Viak
Fabrikkgaten 3, Bergen

PÅMELDING

Tykk her

Påmeldingsfrist:

Onsdag 20. september 2017

SPØRSMÅL

Kontakt Matti Torgersen,
matti.torgersen@hfk.no
Tlf 922 24 656



Rinaldo Trude

Melding HR.

Fra: Bente Raaen Widding <brwidding@gmail.com>
Sendt: 6. september 2017 12:58
Til: Post Hardangerradet
Emne: 06 Filmprosjekt, 1.klasse Odda vgs. Støtte om reisepengar

Hardangerradet iks		
Saksbeh:	Bente Raaen Widding <brwidding@gmail.com>	
Kopi til:	6. september 2017 12:58	
Post Hardangerradet		
06 Filmprosjekt, 1.klasse Odda vgs. Støtte om reisepengar		
Saksnr.	Dok.nr.	Åpent:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Hei!

Viser til tlf samtale med Jostein rundt filmprosjektet, og sender her litt meir info:

Som styremedlem i SmB Hardanger har eg fått i oppdrag å forsøke å knytte næringsliv og skulane tettare saman. I vår starta me opp litt møteaktivitet saman med Næringshagen/Ungt Entreprenørskap v/Ida Elstad, John Opdal og Turid Hauso. Personleg har eg eit sterkt ynskje om at ungdommen skal sjå kor mykje spennande arbeidsplassar det er her i Hardanger, og ikkje minst mangfoldet, og tanken om eit filmprosjekt kom på banen. I etterkant har me hatt fleire møter, der også Geir Rønningen og Jane Myhre har deltatt. Odda vgs er svært positive.

Her er det me har kome fram til:

- Alle 1.klassingane på Odda vgs på samtlige linjer skal vera med (rundt 130 stk)
- Filmen skal ta utgangspunkt i ei verksemd som er stasjonert enten i Odda, Jondal eller Ullensvang (den nye storkommunen)
- Elevane kan sjølv velge å kome med ein påstand som dei gjennom filmen skal avkrefte eller stadfeste, eller stille eit spørsmål dei vil ha svar på. Det er med andre ord ei ganske fri oppgåve som kan gi mange spennande svar. Forhåpentligvis vil dette også engasjere og glede foreldre og andre vaksne tilsett i verksemdar i indre Hardanger.
- Gruppene skal bestå av 3 personar. Filmen skal vare i maks 3 minutt. Elevane skal sjølv kontakte verksemda dei ynskjer å bli nærare kjent med, og dei skal vera på besøk ein dag der dei skal gjere filmopptak og intervju. Kvar verksemd kan berre ta i mot ei gruppe.
- Dei fem beste resultatata vert vist på Yrkes- og Utdanningsmessa 2.november. Her arbeider me med å få til premiar.
- I juryen sit førebels Ida Elstad, underteikna, representant frå adminstrasjon på Odda vgs., ein person frå Hardangerradet og Øyvind Stueland i Sparebanken Vest. Takk for positivt svar vedr denne oppgåva.
- 19.september skal Ida og eg presentere prosjektet for 1.klassingane i aulaen på Odda vgs.

Som nevnt på tlf har ikkje skulen lov til å kreve at elevar skal betale for reise i skuletida, og me lurar difor på om det er høve til at Hardangerradet kan bidra med litt midlar. I utgangspunktet har me tenkt 100 kr per person, som vil seie 13000 kr. Vonar på snarleg svar etter møtet dykkar 14.september.

Ynskjer deko ein fin dag vidare!

Venleg helsing

Bente Raaen Widding



Møtedato 14.09.2017

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

**HR-sak 27/17 Hardangerrådet frå 01.01.2020
Arbeidsgruppe og mandat for vidare arbeid.**

Saksvedlegg:

Saksutgreiing:

Hardangerregionen står framfor store endringar frå 01.01.2020. Kommunestyrevedtak i Granvin, Jondal, Odda og Ullensvang har lagt rammene for etablering av Ullensvang kommune og Voss herad. Hardangerrådet vil med desse vedtaka bestå av anten fire eller fem kommunar frå 2020.

Drøftingar om korleis den nye regionen og det nye Regionrådet i Hardanger skal vera bør koma i gang snarast. Samtalar mellom Regionrådet og Voss herad om ei mogeleg utviding av regionen og regionsamarbeidet bør starta no.

Endringane som følgjer av kommunereforma vil påverka Regionsamarbeidet på fleire område. Utan at administrasjonen i dag har full oversikt over alle endringskonsekvensar meiner me det er viktig alt no å setja i gang arbeidet med å førebu regionen på den nye tida for Hardangersamarbeidet. Ei av endringsoppgåvene vil vera å utarbeida og vedta ein ny selskapsavtale som skal gjelda frå 01.01.2020.

Det er viktig å bruka god tid på denne prosessen. Formelle endringar krev forankring i kommunane og Regionrådet må vera bindeleddet mellom arbeidsgruppa og kommunane gjennom dette arbeidet.

Saksvurdering:

Administrasjonen føreslår at det vert utnemnt ei arbeidsgruppe bestående av Rådsordførar, Rådsvaraordførar og dagleg leiar som startar innleiande samtalar med Voss herad omkring mogeleg regionsamarbeid som inkluderer Voss herad.

Etter at saka vart drøfta i regionrådsmøtet 15.06.2017 har Rådsordførar, Rådsvaraordførar og dagleg leiar hatt det første møtet med Voss herad representert ved ordførar og Voss kommune og Granvin herad. I dette møtet var det semje om at alle partar ønskjer å starta ei kartlegging over kva gevinstar eit utvida regionsamarbeid vil kunne gje for både Hardanger og Voss.

Ei vurdering av denne kartlegginga vil danna grunnlag for ein vidare prosess med utforming av ny selskapsavtale og ein strategisk plan for aktiviteten i regionssamarbeidet.

Framlegg til vedtak:

Regionrådet oppnemner slik arbeidsgruppe for «Hardangerrådet frå 2020»:

1. Rådsordførar
2. Rådsvaraordførar
3. Ordførar i Voss kommune
4. Ordførar i Granvin herad

Sekretær: Dagleg leiar i Hardangerrådet

Mandat:

Arbeidsgruppa skal:

Fase 1 innan 15.12.2017: Leggja fram for Regionrådet ei kartlegging som syner målbare gevinstar for både Hardanger og Voss ved ei utviding av Regionsamarbeidet i Hardanger. Arbeidsgruppa presenterer rapport for Regionrådet i møte 15.12.2017.

Denne rapport dannar grunnlaget for mogeleg vidare prosess omkring utviding av regionsamarbeidet og tilhøyrande ny selskapsavtale.

Fase 2 innan 1.10. 2018: Regionrådet handsamar «Plan for utviding av regionsamarbeidet i Hardanger» og vedtek evt. vidare prosess for utviding av Hardangerrådet til å omfatta også Voss herad. Slikt vedtak må vurderast lagt fram i for stadfesting kvart kommune/heradsstyre.

Regionrådet avgjer om prosessen i arbeidsgruppa skal avsluttast etter Fase 1.



Møtedato 14.09.2017	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 27/16 Møteplan 2018 for Hardangerrådet

Saksvedlegg: Ingen

Saksutgreiing:

Hardangerrådet har bestemt at ein skal tidleg ut med møteplanen for å unngå at kommunane og andre set opp møta sine på same datoar. Det er mange omsyn som skal tilpassast med 7 kommunar/herad, Hordaland fylkeskommune med fleire. Kommunane i Hardanger har godkjent at Hardangerrådet har sine fellesmøte på torsdagar og fredagar. Med ein så tidleg fastsett møteplan kan også Odda, som har møter om torsdagane, unngå møtekollisjonar.

Skuleruteferien er slik:

Vinterferie	Veke 8/9	19/02 – 02/03
Påske	Veke 13/14	26/03 – 02/04
Pinse	Veke 20	20/05 - 21/05
Sommarferie	Veke 25/33	22/06 – 16/08
Hautferie	Veke 40/41	01/10 – 12/10
Joleferie	Veke 51/01	21/12 – 02/01

Vurdering:

Me har stort sett følgt malen frå i år. Det vert 4 ordinære møte i vårhalvåret pluss Hardangtinget og 3 ordinære møte i hausthalvåret pluss, Hardangerkonferansen 2018

Framlegg til vedtak:

2018	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet	Torsdag 11. Granvin		Torsdag 22. Ullensvang	Torsdag 26. Odda		Torsdag 14. Jondal	Torsdag 13. Ulvik	Torsdag 18. Eidfjord		Torsdag 13. Kvam
Representantskapet			Årsmøte							
Hardangerkonferansen										
Hardangtinget		Torsdag 15. Kvam ?							Ons-Tors 14.-15.	
Hardangerkonferansen									Hardangerkonferansen Ulvik	



Møtedato 14.09.2017	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

**HR-sak 29/17 Lokal forskrift for vannskuter –
Orientering om regelverk. Drøfting av vidare prosess.**

Saksvedlegg:

Lokal vannskuterforvaltning krev tilrettelegging

Saksutgreiing:

Regionrådet har tinga ei utgreiing vedr. ei mogeleg felles lokal forskrift som regulerer bruk av vannskuter i Hardangerfjorden. Ei slik lokal forskrift må gjelda for alle 7 Hardangerkommunane.

Saksvurdering:

KS-seminar 24.08.2017 om lokale forskrifter for vannskuter gav desse avklaringane:

Forskjell på vannskuter og «andre småbåtar»:

- Det er Sjøfartsdirektoratet som sertifiserer og beskriv dei ulike typar fritidsbåtar og andre båtar.
- Kystverket har mynde i høve bruk av farvatnet. Dette er regulert gjennom havne- og farvannslova
- Vannskuter er og har alltid vore definert som eit fritidsfartøy i den nasjonale lovgjevinga.
- Den no oppheva vannskuterforskrifa la særskilte begrensinger på vannskuter framfor andre fritidsfartøy.
- Vannskuterar og liknende fartøy er ofte meir manøvrerbare og kan ofte akselerera raskare enn tradisjonelle båtar. Dette kan sjåast på som ein fare eller ein fordel tryggleiksmessig avhengig av innfallsvinkel. Faren kan liggja i uforutsigbar manøvrering for andre fartøy, mens ein fordel kan være rask unnamanøver eller hurtig fartsending ved fare for kollisjon. Brukaren av vannskuteren sin oppførsel og haldning vil derfor influera på om fartøyet er ein fare eller ikkje.
- Lokal forskrift for bruk av vannskuter kan godkjennast med grunnlag i
 - Motorferdselslova
 - Plan- og bygningslova
 - Havne- og farvannsloven §14 og §42:

§ 14. Bruk av farvann

Dersom noe annet ikke er bestemt i eller i medhold av loven her, kan myndigheten etter loven gi forskrifter om orden i og bruk av farvann når hensynet til god fremkommelighet, trygg ferdseil og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet krever det.

Departementet kan gi forskrifter om adgangen til å fastsette forskrifter etter første ledd og om det nærmere innholdet i disse, herunder bestemme at slike forskrifter skal følge en nærmere angitt mal, og at de skal godkjennes av departementet.

§ 42. Bruk av havnen

Dersom noe annet ikke er bestemt i eller i medhold av loven her, kan kommunen i forskrift gi regler om orden i og bruk av havnen når hensynet til effektiv og sikker havnevirksomhet krever det.

Departementet kan gi forskrifter om adgangen til å fastsette forskrifter etter første ledd og om det nærmere innholdet i disse, herunder bestemme at slike forskrifter skal følge en nærmere angitt mal, og videre at de skal godkjennes av departementet.

Reglene i § 27 om at visse tiltak krever tillatelse fra kommunen, gjelder tilsvarende for opplag i havnen.

Den som tilbyr havne- og transporttjenester fastsetter pris og andre forretningsvilkår. Departementet kan i forskrift fastsette prinsipper for prisfastsettelsen.

Departementet kan i forskrift fastsette at den som tilbyr havne- og transporttjenester, skal utarbeide og publisere en oversikt over gjeldende bestemmelser, pris og andre opplysninger som kan være av betydning for den som bruker eller oppholder seg i havnen.

Departementet kan etter søknad fra en kommune gi tillatelse til at kommunen dekker kostnader og utgifter til kommunal havnedrift gjennom havneavgift. Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om utforming av havneavgiften.

Havne- og farvannsloven § 4 1 ledd. definerer fartøy som; «enhver flytende innretning som kan brukes som transportmiddel, fremkomstmiddel, løfteinnretning, oppholdssted, produksjonssted eller lagersted, herunder undervannsfartøyer av enhver art.»

Sentral fartsforskrift § 2 sier: «Fartøyer skal utvise forsiktighet og avpasse farten etter fartøyets størrelse, konstruksjon, manøvreringsevne og farvannsforholdene, slik at det ikke ved bølgeslag eller på annen måte oppstår skade eller fare for skade på personer, herunder badende, andre fartøyer, farvannets strandlinjer, kaier, akvakulturanlegg eller omgivelsene for øvrig.»

§ 3 sier: «Fartøy som nevnt i § 1 som passerer innenfor en avstand av 50 meter fra steder hvor bading pågår, skal ikke gå med større fart enn 5 knop (ca. 9,2 km/time).

Ankring av eller ferdsel med maskindrevne fartøyer eller seilfartøyer, herunder seilbrett, innenfor merkebøyer utlagt ved offentlige badeplasser er forbudt unntatt i forbindelse med ervervsmessig låssetting av fisk i posenot. Det er ikke tillatt å fortøye i merkebøyer»

§4 gir hjemmel til å fastsette lokal fartsbestemmelser

Lokale fartsforskrifter, veileder og mal: Her kan kommunen regulera farten i farvatnet i sitt sjøområde, inklusive hoved- og biled.

Ein vanlig måte å gjera det på er å regulera farten (maks 5 knop) i ein fast avstand til land 50, 100 eller 150 meter. Deretter vel ein ut heile område (gjerne bukter og sund) ein meiner burde ha ei fartsgrense.

Fartsforskriftene gjelder **alle** fartøy definert i Havne- og farvannsloven §4. Ein kan ikkje peika ut særskilte fartøy (t.d. vannskuter) og gje dei eigne fartsgrenser, medan andre kan ha større fart. Typiske utrykningsfartøy er det ein fast unntaksregel for i malen (§6).

Forskrift om mal for kommunale ordensforskrifter :

§ 9A gjev høve for å regulera bruk av fritidsfartøy, herunder vannskuter.

Målet med reguleringa må vera å ivareta hensynet til trygg ferdsle, forsvarleg forvaltning av farvatnet, miljø eller friluftsliv.

Ønskjer ein å diskriminera enkelte fritidsfartøy ved å forby dei eller liknande må det vurderast opp mot målet med reguleringa.

Viktig å påpeika at fart ikkje kan regulerast her då det er ivaretatt med høve for etablering av lokal fartsforskrift

Ordensforskrifta kan **ikkje** gjerast gjeldande i arealet til hoved- og bileder.

- Det er adgang til særskilt regulering i område der eit klart/sterkt/tydeleg behov ligg føre for å fremja dei hensyn lova peikar på. Det er vanskeleg å gje nærare kriterier.
- Lokal forskrift krev bruk av mal for forskrift om bruk av hamner og farvatn.
- Det kan verta krevd domstolskontroll av kommunen si mynde.

Oppsummert:

Kommunane kan i sjø bruka bestemmelsar i plan- og bygningslova og/eller forskrifter hjemla i havne- og farvannslova.

Motorferdsellova kan brukast til regulering i innsjø og vassdrag.

Ordensforskrifta kan **ikkje** omfatta hoved- og bileder.

Diskriminering/forskjellsbehandling av enkelte typar fritidsfartøy må begrunnast opp mot omsynet til trygg ferdsle, forsvarleg forvaltning av farvatnet, miljø eller friluftsliv.

For utarbeiding og godkjenning av lokal forskrift er det sterkt oppmoda om at kommunane har ein tett dialog med Kystverket.

KS har no oppretta ein møteplass for kunnskap og kompetanseheving gjennom portalen KS Læring. Her vil ein kunne drøfta utforming av lokal forskrift med andre kommunar som arbeider med same sak.

Regionrådet vert bedne om å drøfta vidare framdrift vedr. utarbeiding av lokal forskrift for Hardanger.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Lokal vannskuterforvaltning krev tilrettelegging

- Det er prisverdig at regjeringa vil overføre ansvar for naturressursar til kommunane. Å oppheve sentrale forskrifter utan tid til lokale førebuingar er likevel ikkje måten å gjere det på, seier direktør for interessepolitikk i KS, Helge Eide.

Publisert 03.07.2017

Eit liknande innlegg om denne saka sto på trykk i Kommunal Rapport 22. juni 2017 og var skriven av direktør for interessepolitikk i KS, Helge Eide.

Klima- og miljøminister Vidar Helgesen tilbakeviser i Kommunal Rapport 6. juni at regjeringa har opna opp for all slags bruk av vannskuter. Han framhevar at det er bra at kommunane no også får høve til å regulere bruken av vannskuter ut frå kva som trengst lokalt.

Det er bra at regjeringa har tillit til norske kommunar si evne til å forvalte naturressursar. Det er likevel problematisk at regjeringa gjennomfører hastevedtak, og at den ikkje gir kommunane tid nok og vegleiing til å gjennomføre dei reguleringane dei sjølve ønskjer.

Nokre kommunar har no gitt opp å få vedteke forskrift, som kan gjelde i sommar, sjølv om dei eigentleg ønskjer det.

Kommunane treng tid

Saken om vannskuterforskrifta blei send på høyring 23. desember 2016 med høyringsfrist 23. februar 2017. Fleire kommunar peikte i høyringa på at dei trengte tid og vegleiing til å innføre lokale forskrifter. Desse innspela blei ikkje tekne omsyn til. Regjeringa la fram sitt endringsforslag i ein proposisjon til Stortinget 5. april i år. Rett før sommarsesongen kom i gang, 18. mai, kunne kommunane lese på nettsidene til Klima- og miljødepartementet at «scootere skal heretter kunne brukes på lik linje med båter i de aller fleste områder. Dette er en følge av at scooterforskriften oppheves.»

I same pressemelding stod det òg at «Kommunene kan, ved behov, fastsette lokale forskrifter om bruk av scooter.» Problemet var at ingen kommunar stod klare då til å vedta slike forskrifter straks.

Skilje vannskuter og andre farkostar?

Ein vegleiar frå Samferdsledepartementet kom først 6. juni. Heller ikkje denne opplevde råka kommunar som klar. Vegleiaren trekker fram motorferdslelova, hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova som moglege heimelgrunnlag. *Ei* kjelde til forvirring i kommunane er i kva grad kommunane kan skilje mellom vannskuterar og andre farkostar, og kva grunngevingar som i så fall vil vere juridisk haldbare for dette.

Sprikande signal frå regjeringa

I fleire kommunar finst det no eksempel på at det er politisk fleirtal, og stort engasjement, for å vedta lokale forskrifter straks. Administrasjonane i desse kommunane har likevel ikkje den nødvendige kapasiteten som trengst for å få på plass dei reguleringane som politikarane etterspør i sommar. Fleire kommunar har oppfatta sprikande signal frå regjering og departement når det

gjeld kva heimel som faktisk finst til å innføre dei reguleringar som fleire kommunestyre ønsjer. Utvalet for miljø- og byutvikling i Porsgrunn kommune har for eksempel i staden vedteke å greie ut om høvet for å innføre eit forbod.

Nokre kommunar har no gitt opp å få vedteke forskrift, som kan gjelde i sommar, sjølv om dei eigentleg ønsjer det.

KS jobbar med saka

KS skal gjere sitt for tross alt å støtte kommunane i denne situasjonen. Vi inviterer kommunar som er råka til eit seminar om lokale vannskuterforskrifter 24. august.

Her vil vi invitere utvalde kommunar til å presentere sine problemstillingar. KS-advokatene vil bruke sin juridiske kompetanse til å kommentere måtar å møte ulike typar utfordringar på.



Møtedato 14.09.2017	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak **30/17** **Offentlege toalett i Hardanger.**
Status – drøfting av tiltak for neste turistsesong

Saksutgreiing:

Regionrådet bad i rådsmøte 15.06.2017 administrasjonen om å utarbeida ein status vedr. omfang og tilstand på offentlege toalett i heile Hardanger.

Status skal gje grunnlag for drøfting av tiltak som kan betra situasjonen frå komande turistsesong.

Saksvurdering:

Administrasjonen har føreteke inspeksjon av alle offentlege toalett i Hardanger. Rapport med fotodokumentasjon vert lagt fram i møtet. Forslag til tiltak vert fremja i rapporten.

Framlegg til vedtak:



Møtedato 14.09.2017	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

**HR-sak 31/17 Regional plan for Hardangervidda
Høyringsuttale til planprogram**

Saksvedlegg:

Forslag til planprogram for rullering av Regional plan for Hardangervidda
Rullering av Regional plan for Hardangervidda
Samlet saksframstilling – planprogram for Hardangervidda

Saksutgreiing:

Hardangerrådet har motteke melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram vedr. rullering av «Regional plan for Hardangervidda».

Det er fylkestinga i Buskerud, Telemark og Hordaland som i sine regionale planstrategiar vedtek hausten 2016 har beslutta å rullera den regionale planen for Hardangervidda. Denne vart vedteken 2011.

Høyringsfrist er 15. oktober 2017.

Saksvurdering:

Rulleringa skal ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt, men den skal vurderer problemstillingar som vart definert i sluttfasen av arbeidet med gjeldande plan.

Problemstillingar som har oppstått etter vedtak i gjeldande plan, t.d. utviklinga av Trolltungaturismen skal vurderast i rulleringa.

Planen berører areal i 4 av 7 Hardangerkommunar. Dette er Odda, Ullensvang, Eidfjord og Ulvik.

For å gje høyringsuttale frå Hardangerrådet (og dei berørte kommunane) størst mogleg gjennomslagskraft er det avgjerande å samordna ordlyden i desse og vektleggja synspunkt og moment som er felles.

Framlegg til vedtak:

Regionrådet gjev dagleg leiar i Hardangerrådet fullmakt til å formulera høyringsuttale til planprogram for Regional plan for Hardangervidda og leggja denne fram for ordførarane i Odda, Ullensvang, Eidfjord og Ulvik for godkjenning.



Møtedato 14.09.2017	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 32/17 Hardingtukt 2017 – Søknad om støtte.

Saksvedlegg:

Søknad dat. 21.06.2017 frå Hardanger Åtgaum vedr. Hardingtukt 2017

Saksutgreiing:

Hardangerrådet mottok 21.06.2017 søknad frå Arne-Kristian Glück-Teigland. Søknaden gjeld støtte til det gjennomførte HardingTukt 2017.

HardingTukt var ei musikalsk og historisk ferjereise gjennom Hardanger, som til sist enda opp i Vågen i Bergen. Ferja M/F Hardingen sr. var sentral i formidlinga og var åstad og arena for undervisningsopplegget som vart gjort for nærare 200 ungdomskuleelevar i heile regionen. Ferja hysa også kulturinnslaga undervegs, samt var instrument i tingingsverket kreert av lydkunstnaren og artisten Ugress (Gisle Martens Meyer).

Arrangøren ber von om å kunne tredela det negative resultatet. Ein tredel vert dekkja sjølv, ein tredel vert søkt gjennom bistand frå næringslivet og siste tredel vert søkt om her.

Viser elles til vedlagte søknad.

Saksvurdering:

Hardangerrådet ser det som svært positivt at det vert teke initiativ slik arrangement som HardingTukt 2017. Tuktet har skapt ein unik arena for formidling av kunst og kultur.

Skuleopplegget ombord med fokus på ferjehistorie, musikkhistorie og praktisk musisering er gode tillegg til den tradisjonelle undervisninga i skulane.

Sjølv om søknaden om støtte får Hardangerrådet kjem etter at arrangementet er gjennomført, finn Regionrådet de rett å gje støtte til HardingTukt 2017.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støttar HardingTukt 2017 med kr 20.000. Løyvinga vert dekkja gjennom restmidlar Regionalt Næringsfond Hardanger.

Søknad stønad HardingTukt 2017

Viser til Hardangerrådet si sak 14/17 Meldingar, kor det rådet bed underteikna om å senda ein søknad om bidrag til det gjennomførte HardingTukt 2017.

Søkjier om **kr 20.000** til arrangementet gjennomført 31. mai – 3. juni 2017.

Om HardingTukt:

HardingTukt var ei musikalsk og historisk ferjereise gjennom Hardanger, som til sist enda opp i Vågen. Ferja M/F Hardingen sr var sentral i formidlinga og var åstad og arena for undervisningsopplegget som vart gjort for nærare 200 ungdomskuleelevar i heile regionen. Ferja hysa også kulturinnslaga undervegs, samt var instrument i tingsingsverket kreert av lydkunstnaren og artisten Ugress (Gisle Martens Meyer).

Økonomi:

Me fekk ein del ekstrakostnadar knytt til å administrera og gjennomføra HardingTukt, både med den allmennyttige delen (skuleopplegget for ungdomskulane i regionen) og den kommersielle. Tilbakemeldingane var svært gode, men tala er vanskeleg å byggja vidare på til seinare satsingar:

Bilagsnr.	Post	Inntekt	Kostnad
1	Tilskot Hjardebank for Hardanger	100 000	
2	Tilskot FFUK	30 000	
3	Billettinntekter, TicketCo	20 316	
4	Produksjonshonorar PS Crew!		50 000
5	Produksjonshonorar Bygdagnist AS		50 000
6	Produksjon/leige PA Konsertsystemer		35 000
7	Honorar Gisle Martens Meyer		25 000
8	Honorar Annlaug Børsheim		5 000
9	Honorar DJs		3 000
10	Annonsering Hordaland Folkeblad		4 920
11	Annonsering Hardanger Folkeblad		6 930
12	Annonsering 7-fjellsmagasinet (BT)		7 000
13	Annonsering Facebook		3 800
14	Flygeblad, Riss Grafisk utforming AS		7 387
15	Div utstyr		1 128
16	Reiseutgifter prosjektleiing		2 346
17	Direkte kostnadar ferja		10 158
Sum		150 316	211 669
		Prosjektresultat	-61 353

Arrangør ber von om å kunne tredela det negative resultatet. Ein tredel vert dekkja sjølv, ein tredel vert søkt gjennom bistand frå næringslivet og siste tredel vert søkt om her.

Skuleopplegget:

Alle ungdomskuleelevar i Hardanger var inviterte til å delta på eit 4 timars skuleopplegg innan ferjehistorie, musikkhistorie og praktisk musisering. Me gjennomgjekk ferjene si betydning i Hardanger fyrst. Særtemaet var rockens historie frå 1927 – 2017, frå Robert Johnson til Iron Maiden. Ulike tema som studioproduksjon, musikalsk kultur/motkultur, videorevolusjon, digitalisering, festival/live-inntoget i musikkbransjen vart formidla. Den praktiske delen vart leia av artist og produsent Stig Lundblad-Sandbakk. Elevane fekk prøva seg som artistar på ein oppdimensjonert scene som romma alle og med eit PA-anlegg tilpassa festivalscene. Seansen vart filma og meddelt lærarar og foreldre. Kryssinga mellom ferje og rock er gjerne ikkje openbar, men arenaen var svært godt eigna til dette føremålet.



Om tingingsverket:

Fjordane knyter saman Vestlandet. Ferjene nyttar fjordane til å bitta saman folk, bygder, idear, regionar - slik musikk bitt saman individ, idear og samfunn. Verket reflekterte dette ved å nytta fergen som eit aktivt instrument og som ei scene, men også ved å uttrykka og respektera musikalske genre - spesifikt populære vest-norske genre som folkemusikk, black metal og elektronika.

Om konsertserien:

Konsertserien bestod av totalt 4 framsyningar. Dei tre innleiande leia opp mot finalen kor heile tingingsverket vart framført om bord på ferja:

Tidspunkt	Konsertarena - lokasjon	Samarbeid
31.05.2017	M/F Hardingen - Ulvik	Deler av verket vart framført som integrert del av arrangementet "Frå Love Boat til HardingTokt. Olav H. Hauge og kjærleiksbrev til Bodil Cappelen". Samarbeidspartnar var Haugesenteret i

		Ulvik og verket vart presentert i salongen på ferja.
01.06.2017	M/F Hardingen - Lofthus	Deler av verket vart presentert på scena på dekk som oppladning og integrert del av programmet til – og i samarbeid med - Hardanger Musikkfest. Dette var opningsdagen. Ca 1 time program på ferja med artistane Tora Augestad, Stian Carstensen og Ruth Lillegraven vart avløyst av tingingsverket.
02.06.2017	M/F Hardingen - Norheimsund	Deler av verket vart presentert om bord på kveldstokt på Samlafjorden utanfor Norheimsund. Resterande program bestod av innslag frå samarbeidspartnar Hardanger og Voss Museum si avdeling på Hardanger Fartøyvernseier som hadde kåseri om ferjene. Verket vart presentert i salongen om bord.
03.06.2017	M/F Hardingen – Byfjorden, Bergen	Verket i heilskap vart framført på Byfjorden som ein finale laurdag kveld 3. juni. FiB vart inviterte til å vera medarrangør, men hadde ikkje kapasitet til å innlemma konserten. I tillegg til tingingsverket vart det presentert eigen konsert med Ugress med besetninga frå tingingsverket.

Om artistane:

Gisle Martens Meyer:

Fødd 1975. Jobbar med musikk, lyd, og interaktiv video for scene, skjerm og nye medier. CV (vedlagt) presenterer liste over kunstnerisk aktivitet. Verksliste, dokumentasjon, sjå <http://gmm.io/>.

Stig Lundblad-Sandbakk:

Soloartist, gitarist, låtskrivar og produsent med breid musikalsk CV gjennom ei rekkje prosjekt og artistkonstellasjonar.

Annlaug Børshem:

Annlaug kjem frå Ulvik i Hardanger. Ho er utdanna folkemusikar frå Høgskulen i Telemark og ved Ole Bull Akademiet på Voss. Annlaug syng og spelar fele, hardingfele og gitar. I tillegg skriv ho tekst på norsk og komponerer eigen musikk. Ho er aktiv som frilansmusikar.

For arrangør av HardingTukt,

Arne Kristian Glück-Teigland

Dagleg leiar Hardanger åtgåum

Tlf 91394506

ak@bygdagnist.no



M/F Hardingen på sjarmørtur på gamle trakter – inn mot Kinsarvik.